

Søknad om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet (spelemidlar)



Kvinnherad kommune

2016

Rettleiing for søknad om spelemidlar i

Kvinnherad kommune

Tilskot til anlegg og fysisk aktivitet (spelemidlar) skal rettast til Kvinnherad kommune. Det er Hordaland fylkeskommune som tildeler midlane.

Ein kan søkje om spelemidlar til:

1. Nærmiljøanlegg:

- anlegg eller område for eigenorganisert fysisk aktivitet, hovudsakleg i tilknytning til bu- og/eller opphaldsområde. Med nærmiljøanlegg er meint bare utandørsanlegg.
- Grunnlag for tilskot er avgrensa oppover til kr. 600 000,-. Nedre godkjende kostnadsramme er kr 50 000,-
- Ein kan søkje om tilskot på inntil 50% av godkjend kostnad. Maksimalt tilskot per anleggseining er kr 300 000,-. Nedre beløpsgrense for godkjend kostnad er kr 50 000,- (tilskot kr 25 000,-).
- Det kan søkjast om tilskot til fleire anleggseiningar innanfor same anleggstad. Maksimalt tilskot til ein anleggstad kan vere inntil 1 200 000,-

2. Ordinære anlegg:

- Anlegg for organisert idrett og fysisk aktivitet. Det vert ikkje ytt tilskot av spelemidlane til drift, leige, kjøp av grunn eller dekning av gjeld. Det kan søkjast om tilskot til bygging og/eller rehabilitering av idrettsanlegg som er opne for allmenn idrettsleg verksemd (idrett og fysisk aktivitet for alle), og som ikkje er underlagt fortенestebaserte eigarformer og/eller driftsformer.
- Der anna ikkje er fastsett, kan det ytast tilskot til ordinære anlegg medrekna rehabilitering på inntil 1/3 av godkjend kostnad. Høgaste tilskotsum er kr 1 000 000,-

Anlegget ein søker midlar til må vere ein del av vedteken kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet. Handlingsprogrammet vert rullert kvart år. For å komme med i prioritert handlingsprogram må anlegget vere førehandsgodkjent av Kvinnherad kommune.

- Alle utgifter som vert ført opp i kostnadsoverslaget skal dokumenterast. Dokumentasjonen skal følgja som vedlegg til kostnadsoverslaget.
- **Materialkostnader A+B:** Kostnadane skal dokumenterast med tilbod frå leverandør. Rabattar skal også dokumenterast ved at det går fram av tilbodsbrief/eventuelt eige gåvebrief. Summane skal førast opp utan mva.
- **Arbeidskostnader C+D:** Arbeidskostnadane skal dokumenterast med tilbod frå entreprenør/leverandør. Dersom ein skal utføra arbeid på dugnad skal verdien av denne dugnaden reknast ut av fagpersonar. Det skal gå fram kva arbeid som skal utførast på dugnad og kva prisen ville vore dersom ein skulle kjøpt desse tenestene. Summane skal førast opp utan mva.

3. Finansieringsplan:

Finansieringsplanen skal gjere greie for og dokumentere finansiering av dei samla kostnadane for anlegget.

Dokumentasjon på desse postane skal leggest ved finansieringsplanen:

- Eigenkapital skal stadfestast med kontoutskrift frå bank, post, eller liknande som viser at summen er bunden til bygginga av anlegget. Aksjekapital skal dokumenterast.
- Kommunalt eller fylkeskommunalt tilskot må vere stadfesta med kopi av vedtaket. Det er høve til og søkje Kvinnherad kommune om byggetilskot på inntil 1/3 av godkjende kostnader. Eventuelt kommunalt tilskot må vere vedteken før spelemiddelsøkningen vert godkjent.
- Kommunal eller fylkeskommunal garanti må vere stadfesta med kopi av vedtaket. Statleg godkjenning må og vere stadfesta med kopi av vedtaket, eventuelt må slik godkjenning ettersendas.
- Private tilskot/gåver, til dømes reine pengetilskot, materialar, rabattar og liknande, skal vere stadfesta med underskrive gåvebrief(eit døme på standard gåvebrief kan hentast på departementet sin nettstad):
http://www.regjeringen.no/nb/dep/kud/kampanjer/idrettsanlegg/sokna_dsskjema.html?id=488603
- Ved utrekning av verdien av rabattar skal det takast utgangspunkt i reelle, konkurransedyktige marknadsprisar. Ein skal ikkje ta med mva på rabattar.

- Dugnadsarbeid skal setjast opp i eige dugnadsoversyn som er utarbeidd med utgangspunkt i dei arbeida som etter kostnadsoverslaget skal utførast på dugnad. Verdien av dugnadsarbeidet skal reknast ut av kvalifisert fagperson (til dømes kostnadsvurdering/tilbod frå kommune eller firma/handtverkar/entreprenør eller liknande). Ein skal ikkje ta med mva på dugnad.
- Lån skal vere stadfesta med kopi av lånetilsegn. Eventuelle lånevilkår må vere oppfylte/aksepterte.
- Planar kan førehandsgodkjennast utan dokumentert finansiering, men for å få godkjend spelemiddelsøknad må dette vere i orden.

4. Plan for drift av anlegget:

Planen skal gjere greie for planlagd drift og bruk av anlegget, og skal som minimum gi følgjande opplysningar.

- Plan for forvaltning og bruk, som inneheld opplysningar om forvaltar av anlegget, planlagd lengd på sesong og tal på brukstimar(t.d. per veka) i sesongen.
- Driftsbudsjett med inntekter og utgifter, inkludert finansutgifter
- For større anlegg (som t.d. idretts- og symjehallar) skal det leggjast ved plan for vedlikehald og utvikling av anlegget.

5. Kopi av stadfesta grunnbokutskrift:

Søkjaren må ha rett til bruk av grunnen der anlegget ligg/skal liggje.

Denne retten skal dokumenterast og ha heimel i eit av følgjande forhold.

- Tinglyst eigedomsrett, som skal dokumenterast med stadfesta utskrift av grunnboka
- Tinglyst fest-/leigerett av minimum 30 års varighet (20 år for nærmiljøanlegg), som skal dokumenterast med stadfesta kopi av feste-/leigeavtalen og stadfesta kopi av grunnboka.
- Avtale av minimum 30 års varigheit (20 år for nærmiljøanlegg) med kommunen/fylkeskommunen om bruk av grunnen, dersom det gjeld anlegg på kommunal eller fylkeskommunal grunn. Spørsmål knytt til bruk av kommunal grunn skal rettast til Tekniske tenester.

Saksgang i Kvinnherad kommune

- Rullering av prioritert handlingsprogram
Utlysning av rulleringa med søknadsfrist 15.09. Nye anlegg kan søkja om førehandsgodkjenning
- Søknader som er førehandsgodkjende frå Kvinnherad kommune får utdelt anleggsnummer og kan leggje inn søknad om spelemidlar på www.idrettsanlegg.no – Spelemidlane vert prioritert i tråd med prioritert handlingsprogram. Søknader som ikkje er førehandsgodkjende må arbeida vidare med søknaden for å kunna søkje om spelemidlar.

Etter sakshandsaming i Hordaland fylkeskommune

Søknader som er godkjende men som får avslag frå Hordaland fylkeskommune på grunn av manglande midlar må fornye søknaden året etterpå – ein må rekne med minst 3-5 års ventetid etter søknaden er godkjent før ein får tildelt spelemidlar. For nærmiljøanlegg har ventetida vore noko kortare.

Søknader som har fått tildelt delar av søknadssummen, må gjenta søknaden året etter.

Etter tildeling av spelemidlar

Anlegg som har fått tilsegn om spelemidlar skal levere inn revisorgodkjend rekneskap før pengane vert utbetalt. Det skal fyllast ut eige rekneskapsskjema som du finn her:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kud/kampanjer/idrettsanlegg/soknadskjema.html?id=488603>

Reknaskapsskjema skal sendas inn saman med rekneskapet til Kvinnherad kommune. Etter at kommunen sin revisor har godkjent rekneskapet og Kvinnherad kommune har godkjent anlegget vert tilskotet utbetalt.

I tilfelle der arbeidet med anlegget er starta men ikkje er ferdig kan ein be om å få utbetalt akonto, dersom utbyggjar kan vise til utgifter med bygging